

1

2



Naturvernforbundet

3

4

5

6

7

8

PRINSIPPROGRAM

9

10

11

Vedteke på landsmøtet i Stavanger 21. april 2018

12

Sist endra i landsmøtet i Trondheim 10. november 2024

13

14

15

16

17

18

*Prinsippprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn,
korleis organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske
krav.*

19

20

21

22

23

24

25



26 Innhald

27	1 Kva vi vil oppnå.....	2
28	2 Korleis vi arbeider.....	3
29	3 Prinsipp.....	4
30	3.1 Vern om naturmangfaldet.....	5
31	3.2 Stopp dei farlege klimaendringane	7
32	3.3 Berekraftig ressursbruk	8
33	4 Miljøvern i praksis	8
34	4.1 Primærnæringane	8
35	4.2 Energi.....	10
36	4.3 Transport.....	11
37	4.4 Industri	12
38	4.6 Krig og fred	13

39
40

41 1 Kva vi vil oppnå

42

43 Naturvernforbundet arbeider for eit samfunn som er godt å leve i for alle, og som kan bestå over tid.
44 I eit slikt samfunn blir naturen forvalta på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø, og all menneskeleg
45 aktivitet skjer i balanse med naturen og miljøet.

46

47 Livsformene i naturen er verdifulle i seg sjølv, samtidig som menneska er avhengige av dei. Å ta vare
48 på rikdommen av livsformer og økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i
49 naturen. Vi menneske kan ikkje halde fram med å utrydde artar på jorda eller øydelegge det
50 livsmiljøet artane treng for å leve.

51

52 Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen og har ansvaret for å sikre ei
53 økologisk, sosial og økonomisk utvikling som tar omsyn til både nolevande og framtidige
54 generasjonar sine behov. Det betyr at:

55

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
- Fornybare ressursar må takast ut på ein slik måte at ressursane kan fornye seg.
- Ressursar som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med stor varsemd.
- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupt i naturen kan bryte ned innanfor naturen si bereevne.

59

60
61 Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere
62 med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje
63 nok for å oppnå dette. Evig materiell vekst er ikkje mogleg innanfor ressursane på jorda. For at alle
64 menneske skal ha høve til å leve gode liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag og naturen
65 sin tolevne, må det samla forbruket på jorda reduserast, og særleg må forbruket til dei rikaste
66 reduserast kraftig.

67

68 Å løyse globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram med
69 både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og internasjonale
70 avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for å vere eit føregangsland
71 i miljøvernarbeidet. Noreg må følgje opp sine internasjonale pliktar og ta ei rolle som førebilete for å
72 bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.

73

74

75 **2 Korleis vi arbeider**

76

77 ***Demokratisk, landsdekkande og uavhengig***

78 Naturvernforbundet er ein demokratisk, partipolitisk nøytral medlemsorganisasjon. For å stå imot og
79 reversere den akselererande øydelegginga av miljøet treng vi at breie lag av folket blir engasjert.
80 Folkeleg engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur
81 og miljøgode og avgjerande for Naturvernforbundet sin styrke. Medlemmane avgjer, gjennom sine
82 tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med. Synspunkta blir utforma uavhengig av
83 økonomiske interesser, staten og andre organisasjonar. Naturvernforbundet skal jobbe for å få fleire
84 aktive lokallag over heile landet, samtidig som aktiviteten i eksisterande lokal- og fylkeslag sikrast og
85 fornyast. Det lokale nærværet og dei tillitsvalde gjev Naturvernforbundet legitimitet og demokratisk
86 gjennomslagskraft. Organisasjonen skal søkje å reflektere eit mangfald av folket og arbeide for god
87 representasjon i kjønn, geografi, sosial bakgrunn og minoritetsbakgrunn blant både medlemmar,
88 aktive og tillitsvalde. Miljøagentane og Natur og Ungdom skal vere barne- og
89 ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet. Gjennom å oppretthalde og aktivt byggje nye
90 samarbeid og alliansar med andre organisasjonar og initiativ skal Naturvernforbundet auke si
91 gjennomslagskraft og oppslutnad og bidra til ein effektiv og rettferdig miljøpolitikk.

92

93 I rørsla vår skal vi handsame kvarandre med respekt. Trakasserande haldningar og framferd høyrer
94 ikkje heime her. Ungdomen og engasjementet deira skal vi særleg hegne om. Me aksepterer ikkje
95 ytterleggåande og ekstreme krefter som ein del av miljørørsla. Samarbeid med parti og grupperingar
96 som fremjar rasistiske og høgreekstreme haldningar, bryt med verdiane våre.

97

98 Miljørørsla er mangfaldig, og ulike organisasjonar brukar ulike verkemiddel for å oppnå gjennomslag
99 for standpunkta sine. Naturvernforbundet brukar ikkje sjølv sivil ulydnad. Vi kan likevel støtte bruk av
100 ikkje-valdeleg, ikkje-skadeleg, open og respektfull sivil ulydnad i tråd med verdigrunnlaget vårt.

101

102 ***Kunnskapsbasert opinionsdanning***

103 Naturvernforbundet treng tillit og oppslutnad for å få gjennomslag. Argumenta skal vere godt
104 oppbygde, forståelege og fagleg solide. Frivillige organisasjonar har gjennom folkeopplysning spelt ei
105 viktig rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil føre dette arbeidet vidare
106 gjennom opinionsdannande verksemd, slik at ein lettare kan innrette seg miljøvenleg, påverke andre
107 og få folkevalde organ til å ta omsyn til naturen.

108

109 ***Saksorientert arbeid med konkrete resultat***

110 Det er gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at
111 Naturvernforbundet er med og bergar store naturverdiar og endrar haldningane hos folk flest. Ved
112 hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva utfordringar vi står overfor
113 i det globale miljøarbeidet.

114

115 **Naturglede, naturkunnskap og naturbruk**

116 Ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet er å arbeide for å styrke folk sin kontakt med
117 naturen. Vi ynskjer at alle skal få glede seg over naturen i nærområdet sitt, vere stolte over denne og
118 ynskje å ta vare på naturen både lokalt og globalt. Vi vil ta vare på det enkle og nære friluftslivet og
119 arbeider for å styrke kunnskapen om naturen på alle plan. Vi ynskjer å styrke kunnskapen om korleis
120 vi kan nytte naturen, og vil arbeide for å ta vare på og føre vidare tradisjonell naturbruk så langt det
121 kan gjerast på økologisk forsvarleg vis.

122

123 **Internasjonalt samarbeid**

124 Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem, og sterke nasjonale
125 miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene.

126

127 Naturvernforbundet skal samarbeide med miljørørslar i andre land. Samarbeidslanda har ofte store
128 miljøutfordringar og også store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivilt samfunn.

129 Naturvernforbundet er den norske medlemmen av Friends of the Earth International.

130

131 Medlemskap i Regnskogsfondet er òg ein viktig del av vårt internasjonale engasjement. Det
132 internasjonale arbeidet skal bidra til å styrke lokale miljøvernorganisasjonar i dei landa vi engasjerer
133 oss i. Samstundes bidreg dette arbeidet til å styrke Naturvernforbundet sitt arbeid både i Noreg og i
134 arbeidet med internasjonale miljøavtalar.

135

136

137 **3 Prinsipp**

138

139 At folk skal kunne bidra til å drive fram løysingar på miljøproblema, krev eit samfunn der folk har
140 høve til å påverke sin eigen situasjon, har tilgang til kunnskap om kva som påverkar miljøet, og kan
141 delta aktivt i politisk arbeid. Myndighetene har ansvar for å følgje opp, kontrollere og innføre
142 sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og miljølovgjevinga. Både myndighetene,
143 næringsliv og folket har eit ansvar for å setje seg inn i og følgje felles reglar.

144

145 Naturvernforbundet meiner følgjande prinsipp må ligge til grunn for all samfunnsplanlegging:

- 146 • **Kunnskap:** Alle private og offentlege aktørar må ha plikt til å setje seg inn i korleis verksemda
147 deira påverkar naturen. Alle handlingar må byggje på oppdatert vitenskapleg og
148 erfaringsbasert kunnskap, der miljøkonsekvensane av handlinga blir vurdert i eit
149 livsløypesperspektiv. Alle skal ha krav på informasjon om miljøkonsekvensar når det gjeld
150 både enkeltprodukt og forbruksvarer, produksjon og politiske planar og vedtak.
- 151 • **Føre-var-prinsippet:** Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege
152 verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at tiltaket
153 ikkje blir gjennomført.
- 154 • **Samla påkjenning:** Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for, skal
155 vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker.
- 156 • **Den som påverkar, skal betale:** Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal dekke
157 kostnadene ved tiltak som hindrar, avgrensar eller rettar opp skadane.
- 158 • **Tenke globalt – handle lokalt:** Det den einskilde gjer her i landet, må stå i høve til globale
159 natur- og miljøinteresser og såleis kunne bidra til utvikling som kan kome alle verdas
160 menneske og artar til gode – i dag og i framtida.

- 161 • Rettferdig omstilling: Det høge forbruket vårt må leggjast om og reduserast. Omstillinga må
162 vere bygd på sosial og geografisk rettferd og ta særskild omsyn til grupper med låg inntekt og
163 grupper som blir spesielt hardt råka. Folk med låg inntekt kan ikkje lett kutte forbruk, men
164 offentleg politikk må sikre at dei som har rikeleg, må kutte.
- 165 • Unngå – flytte – forbetre: Alle ressursar er i prinsippet knappe, og ressursbruk skapar ofte
166 miljøutfordringar. Miljøproblema blir løyst best gjennom å minke ressursbruken. Ein må
167 primært unngå aktivitet, sekundært flytte aktivitet til mindre miljøskadelege formar og til sist
168 forbetre miljøskadeleg aktivitet med til dømes ny teknologi.

169
170 Grenseoverskridande miljøproblem krev internasjonalt samarbeid og avtalar som blir oppfatta som
171 rettferdige og rimelege av alle partar. Verdas fattigaste lir i dag under miljøproblem som i stor grad
172 er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte grupper. Internasjonale avtalar må fremje
173 rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke tilgangen til demokratisk påverknad. For å oppnå
174 dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om
175 økonomisk vekst og auka frihandel.

176
177 Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar, slik dei er felt ned i internasjonale
178 avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for miljøpolitikken i både Noreg og
179 andre land. Naturvernforbundet meiner at Noreg skal ta særskilt ansvar for å ta vare på
180 naturgrunnlaget for samisk kultur.

181
182 Noreg må vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømål og -avtalar, og omsynet til
183 natur og miljø må ligge til grunn i alt utviklingsarbeid. Samarbeid med og støtte til det sivile
184 samfunnet, inklusive miljøørsla, må vere ei viktig prioritering i Noreg sin internasjonale innsats.
185 Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvenleg utvikling. Miljømessige og sosiale
186 krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemdar, må òg gjelde for aktiviteten deira i utlandet når
187 det norske regelverket er strengare.

188

189 **3.1 Vern om naturmangfaldet**

190 Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av naturen og
191 tenestene den yter; naturen har også verdi i seg sjølv. Vi må derfor sikre den uerstattelige rikdomen
192 av plantar, dyr og andre organismar – på land og til havs – for notid og framtid.

193

194 Ifølgje FNs naturpanel er ein av åtte millionar dyre- og planteartar truga av utrydding, og endring i
195 arealbruk er den viktigaste årsaka til det globale tapet av naturmangfald på land fram til i dag, medan
196 overutnytting av ressursar er viktigast for tapet i havet. I tillegg kjem ein stadig større påverknad frå
197 menneskeskapte klimaendringar samt påverknad frå forureining og invaderande artar. Den samla
198 verknaden er eit særskilt alvorleg trugsmål mot naturmangfaldet på jorda.

199

200 Tapet av naturmangfald må stansast. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltingsprinsippet for all
201 natur, også den delen av naturen som gjennom historia er blitt påverka av menneskeleg aktivitet.
202 Dette inneber å ta vare på artane, med deira genetiske variasjon og dei leveområda som
203 organismane treng for å trivast og fylla sine økologiske funksjonar. Dette krev både vern av utvalde
204 areal samt ei langsiktig forvaltning av naturverdiar som ikkje er verna ved lov. Det er uakseptabelt å
205 oppheve eller endre vern av naturområde, slik at naturomsyn må vike for andre, meir kortsiktige
206 samfunnsinteresser. Ein må også hindre innføring og spreiding av ikkje stadeigne artar og
207 genmodifiserte organismar som kan vere eit trugsmål mot lokale plante- og dyreartar. Det må ikkje

208 gjevast subsidiar som bidreg til øydelegging av verdifull natur. Omsynet til naturmangfaldet må
209 sikrast og takast vare på i all arealplanlegging, og krava til konsekvensutgreiningar må stille minstekrav
210 som sikrar dette.

211
212 Naturen må vere grundig kartlagt, og kunnskapen må oppdaterast kontinuerleg for å mogleggjere ei
213 kunnskapsbasert forvaltning. Denne kunnskapen må omfatte naturen sine system og samspelet
214 mellom desse samt samspelet mellom naturen sine system og menneska. Der kunnskap ikkje er
215 tilstrekkeleg, må føre-var-prinsippet ligge til grunn. Inngrep kan aldri forsvarast med mangel på
216 kunnskap.

217

218 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 219 • Det må etablerast økologisk representative nettverk av område som har vernestatus eller
220 anna utvald status, for å sikre den økologiske samanhengen over større område. Dette
221 inneber mellom anna vesentleg vern av skog, våtmarker og marine område samt vidare
222 utvikling av arbeidet med utvalde naturtypar. Områda må forvaltast aktivt, slik at
223 naturmangfaldet blir teke vare på og sikra mot inngrep som kan gjere skade på naturen i
224 området.
- 225 • Menneskelege inngrep og utbygging har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område i
226 Noreg. Denne utviklinga må stoppast. Dei områda som er att, må bevarast og kartleggast for
227 verneverdige naturverdiar.
- 228 • Det trengs omfattande tiltak for å sikre den unike vassdragsnaturen mot fleire inngrep.
229 Verneplanen må utvidast og verna vassdrag må få sterkare vern. God økologisk tilstand må
230 vere eit mål for alle vassdrag.
- 231 • Naturøydeleggande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i
232 industrialiserte område. Slike anlegg må bli bygd utan å skade naturmangfaldet og bli sikra
233 mot å spreie forureining.
234 Havvind vil auke presset på havet, som allereie er påverka av næringsverksemd, forureining
235 og klimaendringar. Naturvernforbundet krev særleg varsemd og meiner at ei sterk føre-var-
236 haldning må rå.
- 237 • Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig køyring må
238 ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og moglegheita for gode
239 naturopplevingar for folk flest.
- 240 • Lokale naturperler og naturområde i folk sine nærmiljø må takast vare på. Omsyn til desse
241 områda si betydning for livskvalitet og helse, både i dag og i framtida, må vektleggast tungt.
242 Bymarker bør vere verna med lov og ha faste byggegrenser.
- 243 • Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og å verne om desse og areal som sikrar deira overleving
244 også på sikt, er ein del av det å ta vare på naturmangfaldet og økosystema. Myndighetene
245 må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av beitedyr og for å redusere påkjenninga
246 for råka næringar og lokalsamfunn.
- 247 • Som ein stor hav-, fjord- og kystnasjon må Noreg vise omsyn til naturmangfaldet i reguleringa
248 av landets marine næringar. Naturmangfaldlova må gjelde alle norske havområde.
- 249 • Norske kommunar må innføre naturbudsjett for å stanse naturtapet og restaurere natur i
250 tråd med internasjonale avtalar på dette feltet. Det må bli innført juridiske krav til
251 arealplanlegging som i hovudsak fremjar gjenbruk av tidlegare utbygde areal, med mål om
252 minimum netto null tap av natur. Vi ynskjer juridiske krav til arealplanlegging som eit
253 styringseffektivt verktøy, ikkje generell avgift på nedbygging av natur.

254

255 **3.2 Stopp dei farlege klimaendringane**

256 Forbruk av fossilt brensel, avskoging og anna menneskeleg påverknad har ført til endringar i klimaet
257 på jorda. Klimaendringane har alvorlege konsekvensar både for oss menneske og for resten av
258 naturen. Livsgrunnlaget for mange menneske, og særleg for verdas fattigaste, blir øydelagt, og store
259 delar av naturmangfaldet står i fare for å forsvinne.

260
261 For at vi skal unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den globale
262 temperaturen stige meir enn 1,5 gradar over førindustrielt nivå. Det betyr i praksis at alle
263 klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging må stansast så raskt som mogleg.

264
265 Alle land må omstillast til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi. Rasinga av
266 naturlege karbonlager som i skog myr, hav og andre naturtypar med stor karbonlagringsevne må bli
267 stansa, og det som er øydelagt, må bli bygd opp att så langt som råd. Etersom det er dei rike landa
268 som har det historiske ansvaret for klimakrisa, må dei derfor finansiere hovuddelen av omstillinga
269 også i fattige land. Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei
270 menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større samfunnsendringar. Ei
271 rettferdig omstilling vil krevje høge karbonavgifter med ein synleg og sosialt rettferdig fordeling for å
272 gje heilt nødvendig folkeleg støtte til klimapolitikk.

273
274 Omstillinga til det klimavennlege samfunnet må skje på naturen sine premiss. Dette inneber at vi
275 bruker naturen sine eigne mekanismar til å lagre karbon, redusere klimagassutslepp og tilpasse oss
276 klimaendringar. Intakt og robust natur verkar i seg sjølv som buffer og vern mot klimaendringar og er
277 dermed avgjerande for samfunnet sitt møte med eit endra klima.

278

279 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 280 • Noreg må fase ut eigne utslepp av klimagassar i tråd med sitt historiske ansvar. Som
281 oppfølging av Paris-avtalen må Noreg kvart femte år melde inn stadig strammare mål for å
282 redusere eigne klimagassutslepp, i tillegg til å finansiere klimatiltak i fattige land.
- 283 • Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk, slik at
284 alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige reduksjonar i
285 klimagassutsleppa. Når utstyr og arbeidskraft blir importert frå andre land, må det bli teke
286 omsyn til ressursbruk og utslepp av klimagassar.
- 287 • Arbeidet for å tilpasse samfunnet til uunngåelege klimaendringar må styrkast. Naturen må
288 forvaltast slik at økosystema blir mest mogleg robuste og i størst mogleg grad evnar å
289 tilpasse seg eit klima i endring.
- 290 • Arbeidet med å ta vare på dei store karbonlagra i naturen må bli styrka, for å redusere
291 utslepp av klimagassar frå myr, kulturmark, skog, hav og andre naturtypar med stor
292 karbonlagringsevne. Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av
293 utslepp og sikre klimatilpassing i fattige land. Internasjonal kvotehandel og andre
294 internasjonale tiltak må sikre reelle utsleppskutt og samstundes ivareta menneske og natur,
295 og må kome i tillegg til nasjonale utsleppsreduksjonar.
- 296 • Utsleppstiltak som blir gjort no, må stå seg i eit langsiktig perspektiv og bidra til omstilling av
297 samfunnet – vekk frå fossil energi. Til dømes må klimatiltak i petroleumsverksemda ikkje
298 bidra til å forlenge levetida for sektoren.
- 299 • CO₂-avgifta må auke føreseieleg, jamt og trutt til ein ikkje lenger har utslepp frå fossil energi.
300 Auken i avgifta må delast ut att til folket på ein sosialt rettferdig måte, slik at dei som har lågt

301 karbonavtrykk, går i pluss, medan dei som brukar mykje, berre får kompensert ein mindre del
302 av forbruket sitt.

303

304 **3.3 Berekraftig ressursbruk**

305 Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna, som er grunnlaget for livet på jorda, og sikre denne
306 også for framtidige generasjonar. Dette inneber at vi må vere varsame når ressursar blir henta ut av
307 naturen, og at desse ressursane må gå inn i eit krinslaup og brukast om att, slik at vi held uttaket frå
308 naturen og avfallsstoffa vi etterlet oss, så lågt som råd.

309

310 Utslepp til luft, jord eller vatn som ikkje naturen klarer å bryte ned – eller som kan verke skadeleg for
311 menneske, dyr eller plantar – må hindrast. Plastsøppel i naturen er eit stort problem. Miljøgifter og
312 plast må erstattast av stoff som ikkje gjer skade på naturen. Der slike stoff allereie er sleppt ut i
313 naturen, må det ryddast opp av omsyn til naturmangfaldet, menneske si helse og naturen si evne til å
314 gje rein luft, mat og vatn.

315

316 Bruk av land og hav til produksjon av mat, fiber, energi og andre varer må innrettast slik at folk får
317 dekka dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge grunnlaget for å forsyne framtidige
318 generasjonar. Når vi forbruker varer produsert utanfor landet, må vi vurdere heile produksjonskjeda,
319 slik at den samla miljøpåverknaden blir teken med i rekneskapen.

320

321 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 322 • Bruk av miljøgifter må vere strengt regulert når det gjeld både innanlandsk bruk og import av
323 varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff. Skadeverknader av tidlegare
324 utslepp av miljøgifter må kartleggast og minimerast.
- 325 • Prisen på bruk av ressursar må reflektere dei reelle kostnadane ressursuttaket har for miljø
326 og menneske. Dette kan bli oppnådd gjennom avgifter som sikrar at miljøpåverkar betaler,
327 eller gjennom reguleringar som legg avgrensingar på ressursbruken.
- 328 • Bruken av plast må reduserast. Miljøvenlege alternativ må takast i bruk, og det må ryddast
329 opp i plastforureininga til havs og til lands.
- 330 • Avrenninga av nærings salt og organiske partiklar trugar vassdrag og fjordar og må bli
331 redusert til eit minimum.

332

333

334 **4 Miljøvern i praksis**

335

336 **4.1 Primærnæringane**

337 Matproduksjonen, både på land og til havs, må skje på ein måte som gjer at vi klarar å dekke
338 menneska sine næringsmessige og kulturelle behov, bevarer naturmangfaldet og ikkje svekker verda
339 sine framtidige moglegheiter for å produsere mat. Det krev at menneska baserer kosthaldet sitt på
340 matvarer med lågt energi- og ressursforbruk, og at haustinga av ressursar skjer på ein skånsam måte
341 for naturen. Omsynet til at menneske verda over skal ha nok mat, må ligge til grunn for kor og korleis
342 vi produserer mat, og korleis ressursane blir fordelt. At det skal vere nok mat også for framtidige
343 generasjonar, må ligge til grunn for i kva omfang og korleis vi hentar ut matressursar, enten det er på
344 land eller frå havet. Bruken av skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må
345 avviklast så snart som råd.

346

347 Det er viktig å oppretthalde og styrke matproduksjonen i heile landet. Dette må til for å sikre mat til
348 eiga befolkning og minske transportbehovet og for å ivareta busetnad, utmark og kulturlandskap
349 med det tilhøyrande naturmangfaldet.

350
351 Oppdrettsanlegg brukar store areal langs kysten og aukar presset på det marine miljøet. Næringa må
352 ikkje forringe miljøet, men må bli drive på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstilfang
353 andre stadar.

354
355 Når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til naturmangfaldet, bevaring av karbonlager,
356 reduserte utslepp og anna framtidig nytte av skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar som
357 blir henta ut, og måten det blir gjort på.

358

359 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 360 • Patent på levande organismar eller naturleg førekomande biologisk materiale må ikkje
361 tillatast.
- 362 • Genmaterialet i levende organismar er ikkje eigedomen til nokon og må ikkje endrast på.
363 Primærnæringane må ikkje nytte veksthormon eller genmodifiserte dyr eller plantar.
- 364 • Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og gjennom
365 importrestriksjonar.
- 366 • Det norske kosthaldet må bli basert på mindre kjøtt, meir plantebasert mat og meir villfanga
367 fisk og styrke sjølvforsyninga.
- 368 • Matsvinnet må bli redusert.
- 369 • Fiskeoppdrett og kjøttproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fôr som kan gå til
370 menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet eller for global fordeling av
371 naturressursar.
- 372 • Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av energi,
373 plantevernmidlar og kunstgjødsel og importert kraftfôr må vere så låg som mogleg.
- 374 • Dyrka jord og anna verdifullt jordbruksareal må haldast i hevd og bevarast for
375 matproduksjon. Jord der det kan dyrkast korn, belgvekstar, grønsaker, potet, frukt og bær,
376 må bli prioritert til dette.
- 377 • Reduksjon i kjøttforbruk må bli kombinert med betydeleg auke av naturbeite, noko som er
378 naudsynt for å ta vare på og restaurere biologisk verdifulle naturbeitemarker.
- 379 • Torvmyrer er viktige for naturmangfaldet og inneheld mykje karbon. Nydyrking av myr må
380 ikkje vere lov, og torv må ikkje brukast i jordprodukt.
- 381 • Fiskeressursane er viktige for matforsyninga i verda og må forvaltast slik at dei varer evig.
382 Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og alle ledd i næringskjedene.
- 383 • Havet, kystområda og fiskeressursane må vere underlagt nasjonal og internasjonal kontroll,
384 og det må sikrast at fisken er eigd og forvalta av fellesskapet. Særleg må fiskeressursane
385 kome kystsamfunna til gode, og urfolksrettar må ivaretakast.
- 386 • Oppdrett må skje i lukka anlegg utan ureining, rømming og sjukdomsspreiing og på ressursar
387 som ikkje skadar naturmangfald. Ytterlegare auke av produksjon skal ikkje tillatast. Kor
388 miljøvenleg lukka anlegg er, må bli vurdert ut ifrå teknologi og lokalitet. Landbaserte anlegg
389 kan ikkje tillatast om dei medfører nedbygging av natur eller matjord.
- 390 • Torskeoppdrett utgjør ein uakseptabel risiko for villtorskstammen og skal ikkje tillatast.
- 391 • Skognæringa må operere innanfor rammer som sikrar naturmangfald, friluftsliv og
392 karbonbinding. Skogbruket må i større grad drivast basert på utvalshogst. Hogst må berre

- 393 skje etter søknad og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar. Gjødsling av skog og
394 omarbeiding av mark bør ikkje tillast.
- 395 • Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av
396 klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og avfallsressursar kan
397 gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane, som lokal varmeproduksjon og
398 ulike industriføremål.
- 399

400 4.2 Energi

401 Noreg har eit svært høgt energiforbruk. For å nå klimamåla og naturmåla samstundes må vi gjere ei
402 omlegging som reduserer det samla energiforbruket. All bruk av fossil energi må bli fasa ut og, der
403 det er naudsynt, bli erstatta med fornybar energi. Vi må prioritere bruken av energi, forbruket må
404 vere mest mogleg effektivt, og vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde.

405

406 Naturvernforbundet meiner at:

- 407 • Ramma for ny krafttilgang blir sett av moglegheitene innan frigjering av kraft frå andre
408 sektorar, opprusting av eksisterande anlegg og sol- og vindkraft på allereie utbygde areal.
- 409 • Modernisering av bygg må gjerast med høg energistandard, slik at energibehovet i sektoren
410 kan bli halvert fram mot 2050. Ein kombinasjon av reguleringar, informasjonstiltak,
411 finansiering og tilskot må på plass for å utløyse potensialet.
- 412 • Vi må prioritere lokal energiproduksjon frå varmepumper, bergvarme, biogass og solenergi,
413 saman med ein berekraftig bruk av bioenergi og utnytting av spillvarme.
- 414 • Industri og næringar som skal vere med oss etter 2050, må bli prioritert med tilgang på kraft.
- 415 • Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar
416 energibruk, ikkje omfattande eksport av straum.
- 417 • Norsk olje- og gassverksemd må bli trappa ned og gradvis bli fasa ut ved at det ikkje blir opna
418 for leiting og utvinning av olje og gass i nye område og med ein utfasingsplan som sikrar ei
419 rettferdig omstilling til berekraftige næringar.
- 420 • Olje- og gassindustrien må sjølv finne løysingar på utsleppsutfordringane sine utan
421 elektrifisering frå land.
- 422 • Grønt hydrogen, ammoniakk og e-fuel kan bli produsert i periodar med overskot, men gjev
423 svært store energitap i omforming og vil berre kunne bli brukt i avgrensa omfang som
424 klimatiltak.
- 425 • Karbonfangst og -lagring (CCS) tek oss ikkje til nullutslepp og er i tillegg svært
426 energikrevjande. CCS kan bli brukt der reelle nullutsleppsalternativ ikkje finst.
- 427 • Alle nye bygg og infrastruktur må bli tilpassa eit nullutsleppssamfunn med redusert
428 energibehov og utslepp frå anlegg og materialar. Transport må bli flytta frå veg til sjø og
429 bane. Det må ikkje bli bygd nye motorvegar for 110 km/t, som aukar naturinngrep og
430 energibehov.
- 431 • Alle produkt må bli tilpassa reparasjon, ombruk og resirkulering. Ein sirkulær økonomi gjev
432 stor reduksjon i behovet for energi og materialar frå uttak av naturressursar til produksjon og
433 forbruk av produkt.
- 434 • Dersom kjernekraft blir naudsynt for å oppnå full dekarbonisering i Noreg, må staten kunne
435 garantere for at teknologi og utforming blir haldne til høgaste tryggleiksstandard, og at ei
436 løysing for permanent lagring av avfall er påbegynt. Dagens eksisterande forskingsavfall skal
437 sikrast forsvarleg inntil eit slikt lager er ferdig. Noreg må også fortsette å utvikle den høge
438 kompetansen sin innan atomtryggleik og bidra til tryggleik internasjonalt.

- 439
- Energieffektivitet må vere førande for global energi- og klimapolitikk. Noregs bistand på
- 440 energifeltet må innebere auka energieffektivitet, for å stanse veksten i det globale
- 441 energibehovet, vere eit avgjerande bidrag for utsleppskutt og legge til rette for ein overgang
- 442 til fornybar energi. Samstundes må alle bli sikra tilgang til naudsynt og rein energi til ein
- 443 overkommeleg pris.
- 444

445 **4.3 Transport**

446 All transport påverkar miljøet ved at det krev forbruk av energi, legg beslag på areal og fører til

447 uynskte konsekvensar i form av forureining, støy og ulykkesrisiko. Store infrastrukturprosjekt, og

448 særleg vegutbyggingar, legg til rette for auka trafikk og gjev store negative konsekvensar for natur,

449 friluftsområde og matjord. Dette gjer at vi må ta i bruk fleire verkemiddel, slik at transportbehovet

450 blir redusert og den naudsynte transporten blir gjort med låg miljøpåverknad.

451

452 Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande for å ikkje

453 auke behovet for transport generelt og spesielt for å unngå å leggje til rette for meir privatbilisme.

454 Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle alternativ til bilkøyring og

455 flytransport. Samstundes må miljøvennlige teknologiar prioriterast og leggast til rette for, slik at den

456 transporten samfunnet treng, skjer med så låg miljøpåverknad som mogleg.

457

458 **Naturvernforbundet meiner at:**

- Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg transportbehov, på ein måte som tar vare på grønne lunger, samstundes som det blir lagt til rette for syklende og gåande. Også i den overordna samfunnsplanlegginga, anten det gjeld transport av varer eller plassering av viktige samfunnsfunksjonar, må målet vere å redusere transportbehovet.
 - Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar og for lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange avgangar og stor kapasitet. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar av transporten som i dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig supplement der det ikkje går tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt alternativ til lastebil.
 - Vegkapasiteten må ikkje utvidast, og vegutbyggingar som gjev meir trafikk og store arealinngrep, må ikkje realiserast. Trafikktryggingstiltak må gjennomførast utan at dette aukar den samla kapasiteten på vegen eller styrkar vegtransporten si konkurransekraft. Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at flyplasskapasiteten ikkje kan aukast, og trafikken må reduserast kraftig.
 - Noreg bør, nasjonalt og internasjonalt, støtte utvikling av ein mest mogleg miljøvenleg transportsektor, med auka energieffektivitet, redusert ressursforbruk og redusert miljøpåverknad. Dette inneber både at forskning på betre teknologiar for private og kollektive løysingar må støttast, og at ein må motivere til at desse løysingane blir tatt i bruk. Hovudstrategien for ny teknologi må vere løysingar som reduserer energibehovet og elektrifiserer mest mogleg av transportsektoren. Resterande energibehov må dekkast av fornybart drivstoff med lågt klima- og ressursforbruk.
 - For å avgrense transportmengda og utnytte transportmidla betre må transport flyttast til dei minst miljøskadelege transportformene, og ny og betre teknologi må takast i bruk. Det betyr mellom anna at miljøavgiftene må vere høge på transport, både innan og over landegrensene.
- 483
- 484

485 **4.4 Industri**

486 Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen når det gjeld
487 klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er energieffektiv, har
488 god ressursutnytting, i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og lokale eller gjenvunne
489 ressursar og har minimale utslepp av alle typar forureining og minimale naturinngrep i alle ledd av
490 produksjonen. Myndighetene må bidra til dette gjennom reguleringar, forskingsinnsats og
491 økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit ansvar for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av
492 eiga verksemd.

493

494 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 495 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast slik at verksemdar får ansvar for og
496 forpliktingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- 497 • Ny etablering av industri og bergverk må berre skje der det kan sikrast at dette ikkje fører til
498 forureining eller andre verknader som skadar naturmangfaldet og tradisjonell bruk av
499 området.
- 500 • Det må utviklast alternativ materialproduksjon til erstatning for miljøskadelege material og
501 deira råstoff.
- 502 • Alle typar industri- og byggeverksemd, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål.
503 Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjons-, bygge- eller anleggsgøremål framfor
504 bruk av nye råvarer og må ikkje deponerast i sårbare naturområde.
- 505 • Der det er teknisk mogleg, skal gruvedrift gjerast under jorda framfor i dagbrot. Det må òg
506 vere forbod mot å sleppe industriavfall i sjø eller fjordar, og gruvedrift på havbotnen må ikkje
507 tillatast.
- 508 • Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslepp må takast i bruk for å redusere klimaforureining frå
509 den delen av industrien som vi skal ta med oss inn i lavutsleppssamfunnet.
- 510 • Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern, med rask responstid og beredskap også
511 for alvorlege ulykker under vanskelege forhold.

512

513 **4.5 Forbruk, avfall og handel**

514 Mange av varene vi forbruker, er ressurskrevjande og miljøskadelege. For å redusere
515 miljøpåverknaden av forbruket vårt må vi forbruke mindre, samstundes som varene vi bruker, må
516 vere miljøvennlege og lette å vinne att. For å redusere miljøpåverknaden frå transport er det eit mål
517 å produsere varer nært forbrukarane når ressursgrunnlaget tilseier det.

518

519 Å ta hand om avfall vil alltid gje forureining eller anna miljøpåverknad. Derfor må avfallsmengda
520 gjerast minst mogleg, og vi må sjå avfall som ein ressurs – ikkje som søppel. Det må leggast til rette
521 for ombruk, i tillegg til resirkulering og attvinning av produkt og materiale. Der dette ikkje er mogleg,
522 bør forbrenning av avfall skje med energiattvinning.

523

524 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 525 • For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst
526 mogleg, vere lette å reparere og brukast om att og enkle å resirkulere. Alt avfall skal i
527 utgangspunktet bli resirkulert eller gjenvunne. Eingongsbruk og emballasje må bli redusert
528 vesentleg.
- 529 • Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- 530 • Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kjem til å
531 oppkonsentrerast i næringskjeda, eller at dei ikkje gjer alvorleg skade på levande organismar.

- 532
- 533
- 534
- 535
- 536
- 537
- 538
- Det må stillast strenge miljøkrav ved innkjøp og avfallshandsaming så vel til private hushald som til offentleg og privat verksemd.
 - Det offentlege må vere ein spydspiss når det gjeld innkjøp og forbruk av miljøvennlege produkt og tenester.
 - Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til handelsavtalar.

539 **4.6 Krig og fred**

540 Krigar fører, ved sida av store menneskelege lidingar, også til store naturskadar. Fred er ein

541 føresetnad for internasjonalt samarbeid for å løyse miljøproblema. Militært utstyr står for ein stor

542 del av verdas forbruk av mineralressursar og fossile brennstoff. Naturvernforbundet støttar arbeidet

543 for fred og ynskjer at Noreg skal spele ei aktiv rolle i dette.